



Vestlandet



## **Fire skjøtselsplanar for Gjerda, Norddal kommune, Møre og Romsdal fylke.**

Bioreg AS Rapport 2013 : 23

# BIOREG AS

## Rapport 2013:23

Utførande institusjon:	Kontaktpersonar:	ISBN-nr.
Bioreg AS <a href="http://www.bioreg.as/">http://www.bioreg.as/</a>	Finn Oldervik	978-82-8215-252-5
Prosjektansvarleg:	Oppdragsgjevar:	Dato:
Finn Oldervik 6693 Mjosundet  Tlf. 71 64 47 68 el. 414 38 852 E-post: <a href="mailto:finn@bioreg.as">finn@bioreg.as</a>	Fylkesmannen i Møre og Romsdal ved Geir Moen	31.10.2013
<b>Referanse:</b> Oldervik, F.G., Folden Ø. & Langmo S.H.L. 2013. Fire skjøtselsplanar for Gjerda, Norddal kommune, Møre og Romsdal Fylke. Bioreg AS rapport 2013 : 23. ISBN; 978-82-8215-252-5.		
<b>Referat:</b> Rapporten skildrar naturverdiar og artsmangfald for fire slåttemarkslokalitetar på gnr 54/4 og 54/6, Gjerda, Norddal kommune. Vidare gjer rapporten greie for dei skjøtselstiltaka som bør setjast i verk for å take vare på dei biologiske verdiane som er knytt til lokalitetane.		
<b>4 emneord:</b> Kulturlandskap Naturtype Skjøtselsplan Slåttemark		

**Figur 1. Foto;** Finn Gunnar Oldervik © 28.06.2012. Gjera ein gard som ligg høgt og fritt over Norddalen. I framgrunnen ser ein mesteparten av lokalitet E. i denne rapporten/skjøtselsplanen, nemleg Prestkornrobbens.

## Innhold

Innhold .....	3
Føreord .....	4
A. Generell del .....	5
1.1.1 Slåttemarksutformingar på Vestlandet .....	5
1.1.2 Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av verdifulle slåttemarker .....	6
B. Norddal; Gjerda: Ystegjerda, nedom husa (gnr 54/6) .....	8
Ortofoto/kart .....	12
Bilete .....	12
C. Norddal; Gjerda: Ystegjerda, ovom husa (gnr 54/6).....	13
Ortofoto/kart .....	17
Bilete .....	17
D. Norddal; Gjerda: Instegjerda, kring husa (gnr 54/4) .....	18
Ortofoto/kart .....	21
Bilete .....	22
E. Norddal; Gjerda: Instegjerda, Prestkornrobbben (gnr 54/4).....	23
Ortofoto/kart .....	26
Bilete .....	27
Kjelder .....	28
Litteratur:.....	28
Munnlege kjelder:.....	28
Internett:.....	28
Vedlegg 1. Artslister.....	29
Vedlegg 2.Definisjonar.....	30

## Føreord

---

I samsvar med ei nasjonal handlingsplan for å ta vare på dei attverande slåttemarkane i Noreg vart det teke initiativ til å lage dei første skjøtselsplanane for Møre og Romsdal alt i 2010. Det er Fylkesmannen ved Geir Moen som samordnar dette arbeidet i fylket. Når det gjeld slåttemarkslokalitetane på Gjerda i Norddal, så er dette lokalitetar som første gong vart registrert i felt for Naturbase 28.06.2012 av Øystein Folden og Finn G. Oldervik. Lokalitetane er i fylgje grunneigaren slått kvart år. Vi har ikkje funne det naudsynt å gjera ytterlegare feltundersøkingar med tanke på artsregistreringar, men har likevel gjort nokre supplerande undersøkingar saman med grunneigarane med føremål å utarbeida skjøtselsplanar for lokalitetane. Vi drøfta da ulike naudsynte skjøtselstiltak, samt ulike åtgjerder som inngjerding med meir. Dette vart gjort i samband med kartlegging av andre lokalitetar i nærlieken.

Nærare lokalisert ligg lokalitetane nesten på toppen av lia vest for Dale i Norddal. Her skrånar terrenget bratt mot nordaust. Skjøtselsplanane for dei fire slåttemarkslokalitetane for området har som hovudoppgåve å ta vare på det opphavlege artsmangfaldet og strukturen, og da ved ein skjøtselsmåte som liknar mest mogleg på den tradisjonelle, dvs. med minimal gjødsling og relativt sein slått, samanlikna med den moderne siloslåtten.

Vi vil med dette få takke Fylkesmannen i Møre og Romsdal v/Geir Moen for oppdraget og for eit godt samarbeid om prosjektet. Så vil vi også rette en takk til eigalarar og brukarar av dei aktuelle slåttemarkene for velvilje og tålmod når vi har ringt og mast om opplysningar.

Mjosundet i Aure 31. oktober 2013

Tingvoll 31. oktober 2013

Rissa 31. oktober 2013

For Bioreg AS

Finn Gunnar Oldervik

Øystein Folden

Solfrid Helene Lien Langmo

## A. Generell del

---

Slåttemarker er areal som vert regelmessig slått. Semi-naturleg slåttemark eller såkalla kulturmarkseng, er slåttemarker som er forma gjennom rydding og lang tids tradisjonell slått. Dei er ofte overflaterydda, men ikkje oppdyrka og tilslådd i seinare tid, og ikkje eller svært lite gjødsla. Dei vert slått seint i sesongen. Slåttemarkene vert eller vart gjerne haustbeita og ofte også vårbeita. Korleis slåttemarkene har vore skjøtta varierer noko frå stad til stad og frå landsdel til landsdel. Slåttemarkene er urte- og grasdominerte og oftast svært artsrike. Dei kan vere opne eller tresette.

Tresette slåttemarker med styvingstre som vert hausta ved lauvning er i dag svært sjeldne. Slike såkalla lauvenger vart gjerne beita om våren, slått ein gong seint om sommaren og beita om hausten. I tillegg vart greinene på trea hausta til før med eit tidsinterval på 5-8 år. I gammal tid spelte også myr ei viktig rolle som slåtteareal (slåttemyr). Dei fleste jordvassmyrane i Noreg har tidlegare vore slått, men myrslåtten tok i stor grad slutt for ganske lenge sidan og vart praktisert berre nokre få stader fram til slutten av 1950-åra. Nokre av slåttemyrane gror att, medan andre endrar seg mindre, her er det truleg få tydelege biologiske spor frå slåttedrifta. Det er registrert få lauvenger og slåttemyrar som framleis er i hevd.

Dei ulike slåttemarkene høyrer til blant våre mest artsrike naturtypar, og er viktige også for andre organismar enn karplantar. T.d. er rundt 70 prosent av dagsommarfuglane våre knytt til open eng-vegetasjon (særlig urterik slåttemark) og fleire vadefuglar brukar strandenger (slått eller beita) som hekkeområde og rastepllassar under trekket. I tillegg har slåttemarker mykje å seia for mange truga artar av beitemarksopp. Slåttemark kan ikkje erstattast av beitemark, fordi dei inneheld vegetasjontypar og fleire artar som ikkje klarer seg i område som berre vert beita. Samanlikna med naturbeitemark har slåttemark generelt det høgaste artsmangfaldet og dei største bestandane av fleire truga engartar. Gjennom historia har slåttemark vore, og vil framleis vere, om vi tek vare på dei, viktige "levande genbankar". I tillegg er dei berekraftige økosystem som har vore eit nøkkelement i norsk landbruk i fleire tusen år. Men driftsendringar på 1900-talet har ført til at slåttemark no er mellom våre mest truga naturtypar.

### 1.1.1 Slåttemarksutformingar på Vestlandet

Den store variasjonen i slåttemarksvegetasjonen i Noreg er enno berre delvis kartlagt. I det følgjande har vi likevel prøvd å peike på nokre utformingar av slåttemarksvegetasjon som er særigne for Vestlandet og dermed gir fylka her eit særskilt forvaltningsansvar. Vi gjev òg døme på nokre verdifulle lokalitetar.

I Møre og Romsdal har ein svært godt oversyn over tradisjonelle slåttemarker fordi det her nyleg er gjort ei samanstilling av kunnskapen om denne naturtypen (Jordal 2007). 178 lokalitetar vert omtala i rapporten frå dette prosjektet, og slåttemarker er registrert i 29 av dei 37 kommunane i fylket. Lokalitetane finst likevel først og fremst konsentrert innan mindre geografiske område, og kommunane Stordal (22 lokalitetar, særleg i Nørdredalen), Norddal (28 lokalitetar, særleg i øvre Romsdalen), Tingvoll (19 lokalitetar, særleg i Vågbø-Holmeide) og Sunndal (16, særleg ved fjellgardane) har flest kjende lokalitetar. Frisk fattigeng, ofte med stort artsmangfald, er truleg den viktigaste vegetasjontypen. 64 raudlisteartar er registrert i dei registrerte slåttemarkene (13 karplantar, 1 sommerfuglart og 50 soppartar).

- Ein særleg verdifull lokalitet er Skutholmen, Fræna, der det finst eit heilskapleg fiskarbondelandskap som vert skjøtta tradisjonelt og har mange gamle kulturlandskaps-element m.a. mange små 1x2-meters potetåkrar i bergskortene. Slåttemarkene vert slått med ljå. Her finst mange raudlista beitemarksopp. Staden er veglaus og kan nåast med robåt over eit 50 meter breitt sund.

- Langs Grøvvassdraget (Sunndal, utvalt for MR i 2008) og i øvre Romsdalen (Norddal) finst tørre-friske slåttemarker med fleire tørrengsartar som *Pilosella*-artar og sjeldne soppar.
- Stordal kommune har kanskje landets største bestandar av kvitkurle som i stor grad er knytt til restar av slåttemark.
- Nordre Sunnmøre er eit kjerneområde for solblom. Meir enn 30 000 blomsterstenglar er registrert innan dette området. Dessverre er det no berre sporadisk hobbyslått igjen her.

I Hordaland har m.a. Losvik (1988) studert slåttemarksvegetasjon. Viktige lokalitetar finst m.a. i Urangsvåg, Bømlo, Gjuvsland og Varaldsøy.

I Sogn og Fjordane har miljøet rundt Ingvild Austad på Høgskulen over fleire tiår forska på og gjort ei rekke registreringar i dei tradisjonelle slåtteengene i fylket. Kystblåstjernedominerte slåttemarker finst i ytre kyststrok, m.a. i Gåsvær i Solund, og lokalitetane Sandøyna, Vilnes og Hamna i Askvoll. Ein viktig slåttemarkslokalitet finst på Øvre Ormelid, ein hyllegard i Luster. Her finst tørrenger med m.a. brudespore, vanleg nattfiol og bakkesøte. Det er registrert mange slåttemarker i Sogn og Fjordane, men fleire av registreringane er gjort for relativt lenge sidan og stoda i dag er uviss. På Grinde i Leikanger finst ei flott lauveng der både trea og enga framleis vert haldne i hevd.

I Rogaland er det registrert få slåttemarker. I Funningsland, Hjelmeland finst ei dei få attverande solblomslokalitetane i fylket. Diverre vert den ikkje slått no.

### **1.1.2 Generelle råd ved skjøtsel og restaurering av verdifulle slåttemarker**

#### Skjøtsel

Beste måten å skjøtte ei gammal, artsrik eng på, er å følgje opp den tradisjonelle driftsforma, utan gjødsling og med sein slått. Det tradisjonelle slåttetidspunktet har variert noko frå stad til stad avhengig av klima og høgd over havet. Difor er det viktig å finne ut kva som har vore vanleg på den aktuelle lokaliteten eller i nærområdet frå gamalt av. Slått før 10. juli var svært uvanleg.

Ein bør nytte lett reiskap (ljå, tohjuls slåmaskin eller lettare traktor) der det er mogleg. Graset må bakketørkast eller hesjast før det vert fjerna. I tillegg til at ein får tørt og godt høy, er bakketørkinga viktig for at frøa til engartane både skal få modne ferdig og vert liggjande att på enga når høyet vert samla saman og køyrd vekk.

Mange stadar på Vestlandet har engene i tillegg vore beita, anten vår eller haust eller begge delar. Berre beiting kan ikkje erstatte slått, men er dette einaste moglege skjøtsel i en periode, er storfebeiting det mest skånsame. Storfeet vel ikkje ut "godbitane" slik sauene gjer. Men beitepresset må ikkje vere for stort, og ein må rekne med noko manuell etterrydding. Der ein har tidlegblømmande artar, som til dømes svartkurle, er det særleg viktig at ein unngår vårbete.

#### Restaurering

*Når det gjeld restaurering avenger som er i attgroing og utviding av eksisterande slåtteareal er det viktig å ikke setje i gang med meir omfattande restaurering enn det ein klarar å følgje opp med skjøtsel i ettermiddag.*

Dersom det er mange delfelt som skal restaurerast, kan det vere lurt å ta det trinnvis over fleire sesongar. Slik vert det meir overkomeleg, og ein får erfaring med kor omfattande dei ulike tiltaka er og kor mykje ein kan vente å få gjennomført per sesong.

Hogst/grovrydding bør helst gjennomførast på frosen og gjerne bar mark. Då unngår ein skadar på undervegetasjonen, og samstundes er det enklare å få ein lågast mogleg stubbe. Rydding i snø kan vere meir tungvint. Mindre buskar og oppslag kan òg ryddast om sommaren når det er tørt og mykje av biomassen er samla i blada.

I slåtteengjer som *ikkje* har vore tresette er det ikkje noko poeng i å setje att tre ved rydding, men gamle styringstre bør få stå. Eit og anna lauvtre med fin og vid krone kan òg gjerne få stå. Alle gran/furu og framande treslag bør fjernast.

Etter hogst er det særleg viktig at alt ryddeavfall, kvist, stubbar og liknande vert samla saman og brend på eigna stader, og aller helst frakta ut av området. Dette for å unngå unødig oppgjødsling. Ryddeavfall som ligg spreidd utover vil elles fort føre til ny dominans av uønska snarveksande, konkurransesterk vegetasjon. Av same grunn er oppflising og spreiling av flis i området ikkje å tilrå.

Attståande biomasse vil ta opp noko av næringa som vert frigjort frå daude røter av tre og buskar som har vert rydda bort. Dette gir ein gjødslingsverknad som lett fører til uønska nitrogenkrevjande artar (t.d. bringebær og brennesle). Gradvis opning er difor viktig. Gjødslingsverknad saman med auka ljossinnstråling fører gjerne òg til ein del etterrenning. Det er mest effektivt å slå lauvrenningane i juli, når det er minst energi samla i rotssystemet. Dette fell normalt saman med slåttetidspunktet. Det kan likevel vere nødvendig å rydde lauvrenningar fleire gonger dei par første sesongane.

#### Korleis verta kvitt problemartar?

Osp spreier seg ved rotskot, og rydding kan i mange tilfelle føre til omfattande renning. Det kan difor løne seg å ringborke osp ved å skjere eit ca. fem cm breitt band rundt treet nedanfor den nedste greina. Det er viktig at snittet er såpass djupt at all borken forsvinn, slik at transporten av næringstoff stoppar heilt opp. Det er lettast å ringborke om våren. Etter tre somrar må dei daude trea fjernast.

Stubbar må kappast heilt ned til bakken, anten i samband med hogsten eller ved eterrydding på barnmark. Større stubbar vil rotne fortare om ein skil borken frå veden med eit spett eller liknande, og deretter stappar jord i mellom. Med unntak av osp og or kan ein òg unngå renningar på denne måten. Dette kan t.d. vere aktuelt i kantar som hindrar ljossinnstråling til slåttemarka.

Problemartar som bringebær- og rosekratt, brennesle og mjødurt vil normalt forsvinne ved slått over tid. Men for å få dei bort kan det i byrjinga vere nødvendig å slå fleire gonger per sesong med ljå eller krattryddar. Felt med einstape bør slåast ned med kjepp, ikkje skjerast ned. På denne måten held bregna fram med å transportere næring frå røtene, og utarmar dermed rotssystemet sitt. Bregna bør så fjernast om hausten.

Sløkje kan av og til vera ei problemart i slåttemarkar. Om ein riv opp planten med rota ved jonsokleite, og seinare slår dei bladela som kjem opp, saman med resten av slåtten seinare på sommaren, vil ein over tid utarme plantane. Det er ein fordel om ein slår det som eventuelt står i kanten rett utanfor lokaliteten også, slikt at dette ikkje spreier frå sine inn på lokaliteten.

Viss problemet er aukande og det er snakk om eit større område, og ein ser for seg slått i staden for å rive den opp, er det ein fordel å slå den tidleg på sommaren litt høgt oppå stilken for å spare urtene rundt, og seinare på sommaren slår ein den saman med resten av arealet.

Uansett om ein slår eller riv den opp, må alt strø fjernast frå lokaliteten for å hindre oppgjødsling. Plantematerialet kan tørkast og ev. brennast på ein eigna stad. Ein må rekne med å gjenta prosessen nokre år, da dette er ei toårig plante<sup>1</sup>.

For meir utfyllande stoff om skjøtsel, restaurering og hevd:

**Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker** er å finne på DN sine heimesider:<http://miljodirektoratet.no/no/Publikasjoner/Publikasjoner-fra-DirNat/Annet/Skjøtselsboka/>

---

<sup>1</sup> Avsnittet om sløkje er sett inn av Bioreg AS. Skjøtselsråda er hovudsakleg henta frå; Ingar Pareliusson; Artikkelen stod trykt i boka/heftet; SVINØY FYR BEMANNET 1.9.1905 - 1.9.2005. 100 år. Utgitt av Kystverket i 2005.

## B. Norddal; Gjerda: Ystegjerda, nedom husa (gnr 54/6)

<b>SØKBARE EGENSKAPER (for Naturbase)</b>						
Namn på lokaliteten Gjerda: Ystegjerda, nedom husa (gnr 54/6)			Kommune Norddal		Områdenr.	
ID i Naturbase BN00085426		Registrert i felt av: Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS			Dato: 05.07.2013	
Eventuelle tidligere registreringer (år og navn) og andre kilder (skriftlige og muntlige) Øystein Folden og Finn G. Oldervik 2012 Grunneigarane/brukarane; Martin Nystad og Ingvild Hansen Nystad					Skjøtselsavtale: Inngått år: Utløper år:	
Hovednaturtype: Slåttemark D01			100 % andel		Utform.: Svak lågurtslåtteeng (D0115) 100 % andel	
Tilleggsnaturtypar: Ingen						
Verdi (A, B, C): B			Annen dokumentasjon (bilder, belagte arter m.m.)			
Påvirkningsfaktorer (kodeliste i håndbok 13, vedlegg 11) Ingen						
Stadkvalitet	Tilstand/Hevd		Bruk (no):			Vegetasjonstypar:
< 20 m	<input checked="" type="checkbox"/>	God	x	Slått	<input checked="" type="checkbox"/>	Torvtekst
20 - 50 m		Svak		Beite	<input checked="" type="checkbox"/>	Brenning
50-100 m		Ingen		Pløying		Park/hagestell
> 100 m		Gjengrodd		Gjødsling		
		Dårlig		Lauving		
<b>OMRÅDESKILDRING (For Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)</b>						
INNLEIING Undersøkinga som ligg til grunn for skildringa som no ligg i Naturbase vart gjort 28.06.2012 av Øystein Folden og Finn G. Oldervik, Bioreg AS. Den 05.07.2013 vart lokaliteten oppsøkt på ny og da med føremål å lage ein skjøtselsplan for lokaliteten. Det var Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo frå same firma som utførte denne siste undersøkinga.						
PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg på nedsida av vegen mellom Norddal og Eidsdal, på garden Gjerda (Hatlestad). Mot sør og vest grenser lokaliteten til ein veg og til tunet på Ystegjerda. Elles grenser lokaliteten mot areal med skogvegetasjon. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 20 m).						
NATURTYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR: Lokaliteten er avgrensa som slåttemark (D01). Vidare er den definert som svak lågurtslåtteeng (D0115).						
ARTSMANGFALD: Frå 2012 nemner Oldervik og Folden funn av; Bakkesoleie, blåklokke, blåkoll, engsyre, engreverumpe, gulaks, hundekjeks, kvitkløver, osp, raudkløver, skogburkne, skogstorkenebb, sløkje, småengkall, stormaure, sølvbunke, tviskjeggveronika og augnetrøyst ssp.						

**BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD:**

Historisk har dette vore nytta som beitemark for hovudbruket, Hatlestad. For ca 100 år sidan vart Ystegjerdet utskild som ei sjølvstendig brukseining med eiga busetting og etter den tid har arealet som er omfatta av denne lokaliteten vore nytta som slåtte- og beitemark. I denne perioden vart arealet noko gjødsla.

Nyare tid. Gardsdrifta og husdyrhaldet vart avslutta ganske tidleg på Ystegjerdet og brukaren på Midste/Instegjerdet tok over drifta. Dette var truleg ein gong på 1970-talet. Fram til ca 1998 held drifta fram om lag som før med vårbete, slått og så haustbete. I heile perioden fram til ca dette siste årstalet vart det brukt både husdyrgjødsel og litt kunstgjødsel.

Noverande drift; Etter om lag 1998 vart det lagt om til økologisk drift og sidan har det ikkje vore gjødsla noko av betydning. Lokaliteten er slått kvart år og den vert både vår- og haustbeita av sau.

Mesteparten av arealet har ein jamm struktur, og det er berre sporadisk teikn til attgroing langs kantane. Arealet verker å vera lite gjødsla, noko som stemmer bra med brukshistoria.

**FRAMANDE ARTAR:**

Bjørnerot finst planta i hagen og ser ut til å spreie seg. Epletre.

**KULTURMINNE:**

Det er steinutgardar, rydningsrøyser og steinmurar knytt til tilkomsten på lokaliteten. Gjennom lokaliteten går den gamle stien/vegen i området. Denne fungerer som open sti for friluftslivet i dag, og lokaliteten eigner seg såleis for formidling både av tidlegare jordbruksmåtar og naturmangfold.

**SKJØTSEL OG OMSYN:**

For å oppretthalde verdiane som slåttemark, så er det dei grunnleggande skjøtselsgrepa som skal til: Ikkje gjødsling, sprøyting eller pløying, og det må vere sein slått og bakketørking eller hesjing av graset, og etterbete om hausten om det er mogleg. Langvarig intensivt vårbete er ikkje å tilrå, men moderat beiting av sau bør kunne gjerast no slik som før. Som følgje av stien gjennom lokaliteten er det behov for to gangportar.

**DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP:**

Som nemnd lenger opp i lokalitetsskildringa, så er ikkje dette nokon gamal gard som sjølvstendig brukseining, men jorda har vore nytta som beiteland, truleg også som slåttemark for hovudbruket her i uminnelege tider. Sidan for vel så 100 år sidan har dette arealet hovudsakleg vore slåttemark. Miljøet på desse brukene verkar langt på veg å vera autentisk med slik det var då gardane vart busett og brukarane ser ut til å gjera kva dei kan for å ta vare på det opphavlege miljøet, - både bygningsmessig og landskapsmessig. Det opne beitelandskapet rundt er delvis planta igjen og elles grodd igjen i stor grad. Men slåttemark og beitemark gjev framleis ein samanheng saman med husa her.

**VERDIGRUNNNGJEVING:**

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksengartar på lokaliteten. Det er eit potensial for førekommst av raudlista beitemarksopp, men fungaen er ikkje undersøkt her. Verdien blir sett til B – Viktig.

**SKJØTSELSPLAN**

DATO skjøtselsplan: 20.10.2013	UTFORMA AV: Øystein Folden, Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Gunnar Oldervik			FIRMA: Bioreg AS
UTM 32N 6902647 408052	Gnr/bnr. 54/6	AREAL (noverande): 3,0 daa	AREAL etter evt.restaurering: -	Del av verneområde? Nei
Kontakt med grunneier/bruker (ev /informant). Før opp tidsperiodar, ev dataar. Namn: Grunneigarar Ingvild Nystad Hansen og Martin Nystad			Type kontakt (befaring, tlf, e-post med meir) Intervju 05.07.2013. Feltarbeid 28.06.2012 og kontakt via e-post, samt telefonsamtale den 26.10.2013.	

**MÅL:****Hovudmål for lokaliteten:**

- Det langsiktige målet er at lokaliteten skal haldast i god hevd med årleg slått og fjerning av høy etter tørking på bakken eller eventuelt hesjing. B-verdien på lokaliteten skal oppretthaldast ved at populasjonar av ev raudlista artar (særskild beitemarksopp) og karakterartar av kulturmarksengplantar skal haldast på dagens nivå, eller aukast.
- Det er også eit mål at den typiske jamne slåttemarkstrukturen vert teke vare på eller forbetrastrast.
- Slåttemarka skal liggja i eit ope landskap og kantsoner skal ikkje skuggast ut av skog og kratt.
- Slåttemarka skal ikkje gjødslast, pløyast eller sprøytast.
- Det skal ikkje nyttast tung traktorreiskap på lokaliteten. Til slått kan ein bruke tohjulsslåmaskin og ljå. På denne lokaliteten er det enklast å bære ut avlinga.

**Delmål for lokaliteten:**

- Langvarig intensivt vårbeite er ikkje å tilrå.
- Lokaliteten bør etterbeitast om hausten, men ikkje så sterkt at det blir mykje opptrakka. Ved ufullstendig beiting er det viktig å få slått kantane.
- Lauvskogen særleg på austsida av lokaliteten bør tynnast noko. Eventuell transport med traktor må skje på frose mark, eller utanom lokaliteten.

**Tilstandsmål artar:**

- Artsmangfaldet i slåttemarka skal oppretthaldast eller utvidast jf. artslistene i vedlegg 1.
- Populasjonar av artane i lista over karakterartar skal oppretthaldast eller helst utvidast (Sjå artslista i vedlegg 1!)
- Populasjonar av eventuelle raudlisteartar av beitemarksopp eller frå andre artsgrupper som måtte dukka opp skal oppretthaldast eller helst utvidast.


**Tiltak:**

- Slått tidlegast 15.07 og helst innan 15.08. med tørk av gras minst 2 dagar og fjerning av avling. Gjerne etterbeiting utover hausten.
- I nedkant av teigen skal ein tynne ein del, så ein reduserer skuggeverknaden. Det er fordelaktig om arbeidet kan fordelast over 3 år, jf. generell del. Kvisten må fjernast frå lokaliteten. Kvisten kan brennast på fast bålpass utanfor lokaliteten viss slik brenning er tillate i kommunen (OBS! Sjekk lokale forskrifter).
- To frukttrær som har velta må fjernast.
- Bjørnerot som har spreidd seg frå hagen skal fjernast. Planta spreier seg ikkje veldig aggressivt. Det enklaste er å hakke opp planta før ho får frø seg, tørke planta og så kaste eller brenne ho. Viss ein ikkje blir kvitt alt første året, må ein gjenta prosedyren året etter.
- Vest for denne lokaliteten og lokaliteten på oversida set ein opp nytt, felles gjerde. På nedsida er det behov for 2 gangportar og eit le. Vidare må det til ei grind på vegen til tunet. Noko ekstra høgde på gjerdet.
- Om tiltak for å verta kvitt sløkje, - sjå sist i den generelle delen fremst!

AKTUELLE TILTAK:	Prioritering (år)	kostnad	Kontroll: (Dato) Haust
<b>Generelle tiltak:</b>  Årleg slått ikkje før 15.07., og helst innan 15.08., tørking av graset minst to dagar og fjerning av høyet. Det er rekna ekstra for at høyet må bærast ut.	Årleg	3,0 daa à kr 2500,- = 7500.-	
<b>Aktuelle restaureringstiltak, utover de generelle:</b>  Tynning av skog på austsida av lokaliteten <sup>2</sup> . Kvisten må også fjernast frå området (brennast utanfor lokaliteten?)	2015, 2016, 2017	25 timer kvart av åra.= 7500 kr pr år	
Inngjerding av lokaliteten for kontrollert beiting. For denne lokaliteten 80 m gjerde. Det er rekna ekstra for høge gjerdestolpar.	2014	80 m a kr 110	
2 gangportar, 1 le og ei grind over vegen til tunet.	2014	12000 kr	
Fjerning av bjørnerot (gravast opp)	2014	300 kr	
Fjerning av to nedfalne frukttrær på lokaliteten	2014	300 kr	
Tiltak for å verta kvitt sløkje (Sjå generell del fremst!)	2014, 2015, 2016, 2017	1000 kr. kvart av åra.	
<b>Aktuelle årlige skjøtselstiltak, utover de generelle:</b>			
<b>UTSTYRSBEHOV:</b> Tohjulsslåmaskin, ljå, høygaffel, rive, presenning			
<b>OPPFØLGING:</b> Skjøtselsplanen skal evalueres innen, 5 år:			
Behov for registrering av spesifikke artsgrupper: Beitemarksopp er ikkje undersøkt.			
Tilskot søkt år:	Søkt til:		
Tilskot tildelt år:	Tildelt frå:		
Skjøtselsavtale parter:			
<b>ANSVAR:</b> Person(-er) som har ansvar for iverksetting av skjøtselsplanen.			


<sup>2</sup> Arbeidsbehovet er noko uvisst. Det er fint om det blir sagt noko om attståande arbeidsmengde ved årleg rapportering.

## Ortofoto/kart



Figur 2. Dette kartet frå Gislink viser avgrensinga av den aktuelle lokaliteten avmerka med oransje. Ein ser også lokaliteten Ystegjerd ovom husa i vest. Legg merke til kor bratt lokaliteten er. Dette kartet har ein ekvidistanse på 5 m.

## Bilete



Figur 3. Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012. På nedsida av lokaliteten er det ein del lauvskog som gir skugge. Denne bør tynnast ganske mykje. Legg merke til kor bratt lokaliteten er.

## C. Norddal; Gjerda: Ystegjerd, ovom husa (gnr 54/6)

SØKBARE EGENSKAPER (for Naturbase)			
Namn på lokaliteten Gjørd: Ystegjørd øvom husa (gnr 54/6)		Kommune Norddal	Områdenr.
ID i Naturbase BN00085421	Registrert i felt av: Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS		Dato: 05.07.2013
Eventuelle tidligere registreringer (år og navn) og andre kilder (skriftlige og muntlige) Øystein Folden og Finn G. Oldervik 2012 Grunneigarar/brukarar: Martin Nystad og Ingvild Hansen Nystad			Skjøtselsavtale: Inngått år: Utløper år:
Hovudnaturtype: Slåttemark D01  Tilleggsnaturtypar: Ingen	100 % andel	Utform.: Svak lågurtslåtteeng (D0115) 100 % andel	
Verdi (A, B, C): B	Annen dokumentasjon (bilder, belagte arter m.m.)		

Påvirkningsfaktorer (kodeliste i håndbok 13, vedlegg 11) Ingen								
Stadkvalitet		Tilstand/Hevd		Bruk (no):			Vegetasjonstypar:	
< 20 m	x	God	x	Slått	x	Torvtek		Svak lågurtslætting D0115 100% andel
20 - 50 m		Svak		Beite	x	Brenning		
50-100 m		Ingen		Pløying		Park/hagestell		
> 100 m		Gjengrodd		Gjødsling				
		Dårlig		Lauving				

## **OMRÅDESKILDRING (For Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)**

INNI FUING

Skildringa som no ligg i Naturbase er grunna på registreringar gjort den 28.06.2012 av Øystein Folden og Finn G. Oldervik. Den 05.07.2013 vart lokaliteten oppsøkt på ny og da med føremål å lage ein skjøtselsplan for lokaliteten. Det var Bioreg AS ved Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo som utførte denne siste undersøkinga.

PI ASSERING OG NATURGRUNNI AG

Lokaliteten ligg på nedsida av vegen mellom Norddal og Eidsdal, på garden Gjerdø (Hatlestad). Øvre delar grenser mot hovudvegen. Mot nord er det skog. Mot aust er det ein liten veg og tunet på Ystegjera. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige. Avgrensinga er basert på GPS og Gislink flyfoto/kartverk (betre enn 20 m).

NATURTYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR: Lokaliteten er avgrensa som slåttemark (D01). Vidare er den definert som svak lågurtslåtteeng (D0115).

## ARTSMANGFALD:

Frå 2012 nemner Oldervik og Folden artar som; Aurikkelsvæve, bakkesoleie, engsyre, fjellmarikåpe, gulaks, jonsokkoll, maiblom, myrtistel, perlevintergrønn, prestekrage, raudjonsokblom, ryllik, skogmarihand, skogstjerne, skogstorkenebb, småengkall, stormaure, sølvbunke og tviskjeggveronika.

**BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD:**

Historisk har dette vore nytta som beitemark for hovudbruket, Hatlestad. For vel så 100 år sidan vart Ystegjerdet utskild som ei sjølvstendig brukseining med eiga busetting og etter den tid har arealet som er omfatta av denne lokaliteten vore nytta som slåtte- og beitemark. I denne perioden vart arealet noko gjødsla.

Nyare tid. Gardsdrifta og husdyrhaldet vart avslutta ganske tidleg på Ystegjerdet og brukaren på Instegjerdet eller rettare, Nystad tok over drifta. Dette var truleg ein gong på 1970-talet. Fram til ca 1998 held drifta fram om lag som før med vårbeite, slått og så haustbeite. I heile perioden fram til ca dette siste årstalet vart det brukt både husdyrgjødsel og litt kunstgjødsel.

Noverande drift; Etter om lag 1998 vart det lagt om til økologisk drift og sidan har det ikkje vore gjødsla noko nemnande. Lokaliteten er slått kvart år og den vert både vår- og haustbeita av sau.

Mesteparten av arealet har ein jann struktur, og det er berre sporadisk teikn til attgroing langs kantane. Arealet verker å vera lite gjødsla, og det stemmer bra med brukshistoria.

**FRAMANDE ARTAR:**

Det står edelgran rett utanfor lokaliteten. Bjørnerot er planta i hagen og ser ut til å spreie seg. I tillegg er det registrert ein del engreverumpe og hundegras.

**KULTURMINNE:**

Det er steinutgard og steinmur på lokaliteten

**SKJØTSEL OG OMSYN:**

For å oppretthalde verdiane som slåttemark, så er det dei grunnleggande skjøtselsgrepene som skal til: Ikkje gjødsling, sprøyting eller pløying, og det må vere sein slått og bakketørking eller hesjing av graset, og etterbeite om hausten om det er mogleg. Langvarig intensivt vårbeite er ikkje å tilrå, men moderat beiting av sau bør kunne gjerast no slik som før.

**DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP:**

Som nemnd lenger opp i lokalitetsskildringa, så er ikkje dette nokon gamal gard som sjølvstendig brukseining, men jorda har vore nytta som beiteland, truleg også som slåttemark for hovudbruket her i uminnelege tider. Sidan for vel så 100 år sidan har dette arealet hovudsakleg vore slåttemark. Miljøet på desse brukena verkar langt på veg å vera autentisk med slik det var då gardane vart busett og brukarane ser ut til å gjera kva dei kan for å ta vare på det opphavlege miljøet, - både bygningsmessig og landskapsmessig. Det opne beitelandskapet rundt er delvis planta igjen og elles grodd igjen i stor grad. Men slåttemark og beitemark gjev framleis ein samanheng saman med husa her..

**VERDIGRUNNNGJEVING:**

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksengartar på lokaliteten. Verdien blir sett til B – Viktig.

**SKJØTSELSPLAN**

DATO skjøtselsplan: 20.10.2013	UTFORMA AV: Øystein Folden, Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Oldervik			FIRMA: Bioreg AS
UTM 32N 6902635 408001	Gnr/bnr. 54/6	AREAL (noverande): 0,8 daa	AREAL etter evt.restaurering: -	Del av verneområde? Nei
Kontakt med grunneier/bruker (ev /informant). Før opp tidsperiodar, ev datoar. Namn: Grunneigararar: Ingvild Hansen Nystad og Martin Nystad		Type kontakt (befaring, tlf, e-post med meir) Intervju 05.07.2013. Feltarbeid 28.06.2012 og kontakt via e-post.		

**MÅL:****Hovudmål for lokaliteten:**

- Det langsiktige målet er at lokaliteten skal haldast i god hevd med årleg slått og fjerning av høy etter tørking på bakken eller eventuelt hesjing. B-verdien på lokaliteten skal oppretthaldast ved at populasjonar av ev raudlista artar (særskild beitemarksopp) og karakterartar av kulturmarksengplantar skal haldast på dagens nivå, eller aukast.
- Det er også eit mål at den typiske jamne slåttemarkstrukturen vert teke vare på.
- Slåttemarka skal liggja i eit ope landskap og kantsoner skal ikkje skuggast ut av skog og kratt.
- Slåttemarka skal ikkje gjødslast, pløyast eller sprøytast.
- Det skal ikkje nyttast tung traktorreiskap på lokaliteten. Til slått kan ein bruke tohjulsslåmaskin og ljå. I heile lokaliteten kan ein rake ned avlinga til nedkanten og hente avlinga der.

**Delmål for lokaliteten:**

- Langvarig og intensivt vårbeite er ikkje å tilrå.
- Lokaliteten bør etterbeitast om hausten, men ikkje så sterkt at det blir mykje opptrakka. Ved ufullstendig beiting er det viktig å få slått kantane.

**Tilstandsmål artar:**

- Artsmangfaldet i slåttemarka skal oppretthaldast eller utvidast jf. artslistene i vedlegg 1.
- Populasjonar av artane i lista over karakterartar skal oppretthaldast eller helst utvidast (Sjå artslista i vedlegg 1!)
- Populasjonar av eventuelle raudlisteartar av beitemarkssopp eller frå andre artsgrupper som måtte dukka opp skal oppretthaldast eller helst utvidast.

**Mål for nedkjemping av problemartar/gjengroing:**

- Edelgrana i området bør fjernast. Vidare bør ein få gravd opp det som finst av bjørnerot.

**Tiltak:**

- Slått tidlegast 15.07 og helst innan 15.08. med tørk av gras minst 2 dagar og fjerning av avling. Gjerne etterbeiting utover hausten.
- Bjørnerot som har spreidd seg frå hagen skal fjernast. Planta spreier seg ikkje veldig aggressivt. Det enklaste er å hakke opp planta før ho har fått frø, tørke planta og så kaste eller brenne ho. Viss ein ikkje blir kvitt alt første året, må ein gjenta prosessen året etter.
- Edelgrana rett på nordsida av lokaliteten bør fjernast før denne set frø.
- Litt rydding langs gjerdet på nordsida av lokaliteten. Avfallet må fjernast frå lokaliteten og kastast på ein eigna plass, eventuelt brennast på fast bålpllass utanfor lokaliteten viss slik brenning er tillate i kommunen (OBS! Sjekk lokale forskrifter).
- Vest for denne lokaliteten og lokaliteten på nedsida set ein opp nytt, felles gjerde. Noko ekstra høgde på gjerdet.

AKTUELLE TILTAK:	Prioritering (år)	kostnad	Kontroll: (Dato) Haust
<b>Generelle tiltak:</b> Årleg slått ikke før 15.07., og helst innan 15.08., tørking av graset minst to dager og fjerning av høyet	Årleg	0,8 daa à kr 2000,- = 1600.-	
<b>Aktuelle restaureringstiltak, utover de generelle:</b>			
Fjerning av bjørnerot			
Hogst av edelgran og litt rydding langs gjerdet på nordsida	2014	300,-	
Gjerde, 30 m. Det er gitt tillegg for ekstra høge gjerdestolpar.	2016	2000,-	
	2014	30 m a kr 110	
<b>Aktuelle årlige skjøtselstiltak, utover de generelle:</b>			
UTSTYRSBEHOV: Tohjulsslåmaskin, ljå, høygaffel, rive, presenning, motorsag			
<b>OPPFØLGING:</b> Skjøtselsplanen skal evalueres innen, 5 år:			
Behov for registrering av spesifikke artsgrupper: Beitemarksopp er ikke undersøkt.			
Tilskot søkt år:		Søkt til:	
Tilskot tildelt år:		Tildelt frå:	
Skjøtselsavtale parter:			
<b>ANSVAR:</b> Person(-er) som har ansvar for iverksetting av skjøtselsplanen.			

## Ortofoto/kart



Figur 4. Dette ortofotoet frå Gislink viser avgrensinga av den aktuelle lokaliteten avmerka med gult. Ein ser også den avgrensa lokaliteten Ystegjerda nedom husa i aust. Legg merke til kor bratt lokaliteten er. Dette kartet har ein ekvidistanse på 5 m.

## Bilete



Figur 5. Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012. Frå nordvesthjørnet i lokaliteten, mot husa. Her får ein eit visst inntrykk av kor bratt lokaliteten er.

## D. Norddal; Gjerda: Instegjerd, kring husa (gnr 54/4)

<b>SØKBARE EGENSKAPER (for Naturbase)</b>									
Namn på lokaliteten Gjerda: Instegjerd, kring husa (gnr 54/4)					Kommune Norddal			Områdenr.	
ID i Naturbase BN00085439			Registrert i felt av: Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS					Dato: 05.07.2013	
Eventuelle tidligere registreringer (år og navn) og andre kilder (skriftlige og muntlige) Øystein Folden og Finn G. Oldervik 2012 Grunneigarar;brukarar: Martin Nystad og Ingvild Hansen Nystad							Skjøtselsavtale: Inngått år: Utløper år:		
Hovudnaturtype: Slåttemark D01			100 % andel		Utform.: Svak lågurtslåtteeng (D0115) 100 % andel				
Tilleggsnaturtypar: Ingen									
Verdi (A, B, C): B					Annen dokumentasjon (bilder, belagte arter m.m.)				
Påvirkningsfaktorer (kodeliste i håndbok 13, vedlegg 11) Ingen									
Stadkvalitet		Tilstand/Hevd		Bruk (no):			Vegetasjonstypar:		
< 20 m	x	God	x	Slått	x	Torvtek	Svak lågurtslåtteeng D0115		
20 - 50 m		Svak		Beite	x	Brenning			
50-100 m		Ingen		Pløying		Park/hagestell			
> 100 m		Gjengrodd		Gjødsling					
		Dårlig		Lauving					
<b>OMRÅDESKILDRING (For Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)</b>									
INNLÉIING Skildringa som no ligg i Naturbase er grunna på ei undersøking gjort den 28.06.2012 av Øystein Folden og Finn G. Oldervik. Den 05.07.2013 vart lokaliteten oppsøkt på ny og da med føremål å lage ein skjøtselsplan for lokaliteten. Det var Bioreg AS ved Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo som utførte denne siste undersøkinga.									
PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg på nedsida av vegen mellom Norddal og Eidsdal, på garden Gjerda (Hatlestad). Lokaliteten går opp til vegen på sørvestsida, er avgrensa mot tun og hage mot søraust, langs ein jordbruksveg mot nordaust og meir skjønnsmessig i eng mot nordvest. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige.									
NATURTYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR: Lokaliteten er avgrensa som slåttemark (D01). Vidare er den definert som svak lågurtslåtteeng (D0115).									

**ARTSMANGFALD:**

Frå 2012 nemner Oldervik og Folden artar som; Augnetrøyst ssp., bakkesoleie, beitemarikåpe, blåklokke, blåkoll, engfrytle, engmarikåpe, engsyre, firkantperikum, fjellgulaks, fjellmari-kåpe, fjelltimotei, geitsvingel, grasstjerneblom, gulaks, harerug, hundegras, hundekjeks, hårfrytle, hårvæve, jonsokkoll, knereverumpe, kvitkløver, prestekrage, raud jonsokblom, raudkløver, ryllik, skogfiol, skogstorkenebb, sløkje, smalkjempe, småengkall, snauveronika, sølvbunke, tepperot, tiriltunge, tviskjeggveronika, vårpengeurt og åkerminne-blom. Billa *Meloe violaceus* blei også observert.

**BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD:**

Historisk har dette vore nytta som beitemark for hovudbruket, Hatlestad. For ca 100 år sidan vart Instegjerdet utskild som ei sjølvstendig brukseining med eiga busetting og etter den tid har arealet som er omfatta av denne lokaliteten vore nytta som slåtte- og beitemark. I denne perioden vart arealet noko gjødsla.

Nyare tid. Etter det vi kjenner til, så har gardsdrifta og husdyrhaldet vore samanhengande på Instegjerda etter at bruket vart busett for om lag 100 år sidan. Det var foreldra til Martin Nystad som dreiv dette bruket før noverande brukarar tok over kring 1998. Fram til då var det tradisjonell gardsdrift med vårbeite, slått og så haustbeite. I heile perioden fram til ca 1998 vart det brukt både husdyrgjødsel og litt kunstgjødsel.

Noverande drift; Etter om lag 1998 vart det lagt om til økologisk drift og sidan har det ikkje vore gjødsla noko av betydning. Lokaliteten er slått kvart år og den vert både vår- og haustbeita av sau.

Mesteparten av arealet har ein jamm struktur, og det er berre sporadisk teikn til attgroing langs kantane. Arealet verker å vera lite gjødsla, noko som stemmer bra med brukshistoria.

**FRAMANDE ARTAR:**

Ballblom står nær hagen. Elles var det så vidt hundegras og vårpengeurt.

**KULTURMINNE:**

Det er innslag av steinmurar på lokaliteten.

**SKJØTSEL OG OMSYN:**

For å oppretthalde verdiane som slåttemark, så er det dei grunnleggjande skjøtselsgrepa som skal til: Ikkje gjødsling, sprøyting eller pløying, og det må vere sein slått og bakketørking eller hesjing av graset, og etterbeite om hausten om det er mogleg. Langvarig intensivt vårbeite er ikkje å tilrå, men moderat beiting av sau bør kunne gjerast no slik som før.

**DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP:**

Som nemnd lenger opp i lokalitetsskildringa, så er ikkje dette nokon gamal gard som sjølvstendig brukseining, men jorda har vore nytta som beiteland, truleg også som slåttemark for hovudbruket her i uminnelege tider. Sidan for vel så 100 år sidan har dette arealet hovudsakleg vore nytta som slåttemark. Miljøet på desse bruka verkar langt på veg å vera autentisk med slik det var då gardane vart busett og brukarane ser ut til å gjera kva dei kan for å ta vare på det opphavlege miljøet, - både bygningsmessig og landskapsmessig. Det opne beitelandskapet rundt er delvis planta igjen og elles grodd igjen i stor grad. Men slåttemark og beitemark gjev framleis ein samanheng saman med husa her.

**VERDIGRUNNNGJEVING:**

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksengartar på lokaliteten. Verdien blir sett til B – Viktig.

**SKJØTSELSPLAN**

DATO skjøtselsplan: 31.10.2013	UTFORMA AV: Øystein Folden, Solfrid Helene Lien Langmo og Finn Gunnar Oldervik	FIRMA: Bioreg AS		
UTM 32N 6902452 408262	Gnr/bnr. 54/4	AREAL (noverande): 2,8 daa	AREAL etter evt.restaurering: -	Del av verneområde? Nei

Kontakt med grunneier/bruker (ev /informant). Før opp tidsperiodar, ev datoar. Namn: Grunneigarar Ingvild Hansen Nystad og Martin Nystad	Type kontakt (befaring, tlf, e-post med meir) Intervju 05.07.2013. Feltarbeid 28.06.2012 og kontakt via e-post.
---	--

**MÅL:****Hovudmål for lokaliteten:**

- Det langsiktige målet er at lokaliteten skal haldast i god hevd med årleg slått og fjerning av høy etter tørking på bakken eller eventuelt hesjing. B-verdien på lokaliteten skal oppretthaldast ved at populasjonar av ev raudlista artar (særskild beitemarksopp) og karakterartar av kulturmarksengplantar skal haldast på dagens nivå, eller aukast.
- Det er også eit mål at den typiske jamne slåttemarkstrukturen vert teke vare på.
- Slåttemarka skal liggja i eit ope landskap og kantsoner skal ikkje skuggast ut av skog og kratt.
- Slåttemarka skal ikkje gjødslast, pløyast eller sprøytast.
- Det skal ikkje nyttast tung traktorreiskap på lokaliteten. Til slått kan ein bruke tohjulsslåmaskin og ljå. I heile lokaliteten kan ein rake ned avlinga til nedkanten og hente avlinga der.

**Delmål for lokaliteten:**

- Langvarig og intensivt vårbeite er ikkje å tilrå.
- Lokaliteten bør etterbeita om hausten, men ikkje så sterkt at det blir mykje opptrakka. Ved ufullstendig beiting er det viktig å få slått kantane.
- Ei kisteveite på nedsida av huset bør restaurerast.

**Tilstandsmål artar:**


- Artsmangfaldet i slåttemarka skal oppretthaldast eller utvidast jf. artslistene i vedlegg 1.
- Populasjonar av artane i lista over karakterartar skal oppretthaldast eller helst utvidast (Sjå artslista i vedlegg 1!)
- Populasjonar av eventuelle raudlisteartar av beitemarkssopp eller frå andre artsgrupper som måtte dukka opp skal oppretthaldast eller helst utvidast.

**Mål for nedkjemping av problemartar/gjengroing:****TILTAK:**

- Slått tidlegast 15.07 og helst innan 15.08. med tørk av gras minst 2 dagar og fjerning av avling. Gjerne etterbeiting utover hausten.
- Oppgraving av gammal kisteveite og restaurering av denne.
- Inngjerding av lokaliteten, så ein har kontroll med beitetidspunkt. Noko ekstra høgde på gjerdet. 2 le.


<b>AKTUELLE TILTAK:</b>	Prioritering (år)	Ant daa og kostnad/daa	Kontroll: (Dato) Haust
<b>Generelle tiltak:</b>  Årleg slått ikkje før 15.07., og helst innan 15.08., tørking av graset minst to dagar og fjerning av høyet	Årleg	2,8 daa à kr 2000,- = 5600.-	
<b>Aktuelle restaureringstiltak, utover de generelle:</b>  Gjerde, i alt 300 m. Det er rekna for ekstra høge gjerdestolpar. 2 le er rekna inn i gjerdet  Restaurering av kisteveite	2014	300 m a kr 110,-  1 dag med minigravar, 3 dagsverk manuelt arbeid	
<b>Aktuelle årlige skjøtselstiltak, utover de generelle:</b>			
<b>UTSTYRSBEHOV:</b> Tohjulsslåmaskin, ljå, høygaffel, rive, presenning			
<b>OPPFØLGING:</b> Skjøtselsplanen skal evalueres innen, 5 år:			
Behov for registrering av spesifikke artsgrupper: Beitemarksopp er ikkje undersøkt.			
Tilskot søkt år:	Søkt til:		
Tilskot tildelt år:	Tildelt frå:		
Skjøtselsavtale parter:			
<b>ANSVAR:</b> Person(-er) som har ansvar for iverksetting av skjøtselsplanen.			

## Ortofoto/kart



Figur 6. Dette ortofotoet frå Gislink viser avgrensinga av den aktuelle lokaliteten avmerka med gult. Ein ser også den avgrensa lokaliteten Instegjerd, Prestkornrobb i aust. Legg merke til kor bratt lokaliteten er. Dette kartet har ein ekvidistanse på 5 m.

## Bilete



Figur 7. Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012. På oversida av huset trengst det også inngjerding.

## E. Norddal; Gjerda: Instegjerd, Prestkornrobbene (gnr 54/4)

<b>SØKBARE EGENSKAPER (for Naturbase)</b>							
Namn på lokaliteten Gjerda: Instegjerd, Prestkornrobbene (gnr 54/4)				Kommune Norddal		Områdenr.	
ID i Naturbase BN00085430		Registrert i felt av: Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo, Bioreg AS				Dato: 05.07.2013	
Eventuelle tidligere registreringer (år og navn) og andre kilder (skriftlige og muntlige) Øystein Folden og Finn G. Oldervik 2012 Grunneigarar;brukarar: Martin Nystad og Ingvild Hansen Nystad						Skjøtselsavtale: Inngått år: Utløper år:	
Hovudnaturtype: Slåttemark D01		100 % andel		Utform.: Svak lågurtslåtteeng (D0115) 100 % andel			
Tilleggsnaturtypar: Ingen							
Verdi (A, B, C): B				Annen dokumentasjon (bilder, belagte arter m.m.)			
Påvirkningsfaktorer (kodeliste i håndbok 13, vedlegg 11) Ingen							
Stadkvalitet		Tilstand/Hevd		Bruk (no):		Vegetasjonstypar:	
< 20 m	x	God	x	Slått	Torvtek	Svak lågurtslåtteeng D0115	
20 - 50 m		Svak		Beite	x Brenning		
50-100 m		Ingen		Pløyning	Park/hagestell		
> 100 m		Gjengrodd		Gjødsling			
		Dårlig		Lauving			
<b>OMRÅDESKILDRING (For Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplanen)</b>							
INNLEIING Skildringa som no ligg i Naturbase er grunna på ei undersøking gjort den 28.06.2012 av Øystein Folden og Finn G. Oldervik. Den 05.07.2013 vart lokaliteten oppsøkt på ny og da med føremål å lage ein skjøtselsplan for lokaliteten. Det var Bioreg AS ved Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo som utførte denne siste undersøkinga.							
PLASSERING OG NATURGRUNNLAG: Lokaliteten ligg på nedsida av vegen mellom Norddal og Eidsdal, på det bruket som vert kalla Instegjerd under Hatlestad. Lokaliteten ligg nedst i neverande innmark og er bruksmessig naturleg avgrensa mot resten av innmarka. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1). Bergarten er gneis, ikkje inndelt, for det meste kvartsdiorittisk, nokre stader migmatittisk, harde og næringsfattige.							
NATURTYPAR, UTFORMINGAR OG VEGETASJONSTYPAR: Lokaliteten er avgrensa som slåttemark (D01). Vidare er den definert som svak lågurtslåtteeng (D0115).							
ARTSMANGFALD: Frå 2012 nemner Oldervik og Folden funn av; Bakkesoleie, blåklokke, brennesle, engsyre, eple, firkantperikum, grasstjerneblom, gulaks, hundekjeks, karve, kvitkløver, lækjeveronika, myrtistel, raud jonsokblom, raudkløver, revebjølle, rylik, sauesvingel, snauveronika, stemorsblom, stormaure, sølvbunke, tepperot, tviskjeggveronika, vårpengeurt og åkerminneblom.							

**BRUK, TILSTAND OG PÅVERKNAD:**

Historisk er dette sagt å ha vore beitemark for hovudbruket, Hatlestad. Men namnet på dette stykket tyder på at det i gammal tid har vore åker og korndyrking her, og at kornet har gått til å betala prestetienda. For ca 100 år sidan vart Instegjerdet utskild som ei sjølvstendig brukseining med eiga busetjing og etter den tid har arealet som er omfatta av denne lokaliteten helst vore nytta som slåtte- og beitemark. I denne perioden vart arealet noko gjødsla.

Nyare tid. Fram til ca 1998 vart arealet skjøtta på tradisjonelt vis med vårbeite, slått og så haustbeite. I heile perioden fram til ca dette siste årstalet vart det brukt både husdyrgjødsel og litt kunstgjødsel.

Noverande drift; Etter om lag 1998 vart det lagt om til økologisk drift og sidan har det ikkje vore gjødsla noko av betydning. Det vart også slutt på slåtten her frå dette året og det har sidan hovudsakleg vorte nytta som værbeite.

Mesteparten av arealet har ein jamm struktur, og det er berre sporadisk teikn til attgroing langs kantane. Arealet verker å vera lite gjødsla, noko som stemmer bra med brukshistoria. Nokre førekommstar av sølvbunke og myrtistel krev tiltak.

**FRAMANDE ARTAR:**

Vårpengeurt blei observert. Det står nokre epletre på lokaliteten.

**KULTURMINNE:**

Det er innslag av steinutgardar, rydningsrøyser og steinmurar knytt til tilkomsten på lokaliteten.

**SKJØTSEL OG OMSYN:**

For å oppretthalde verdiane som slåttemark, så er det dei grunnleggande skjøtselsgrepa som skal til: Ikke gjødsling, sprøyting eller pløying, og det må vere sein slått og bakketørking eller hesjing av graset, og etterbeite om hausten om det er mogleg. Langvarig intensivt vårbeite er ikkje å tilrå, men moderat beiting av sau bør kunne gjerast no slik som før.

**DEL AV HEILSKAPLEG LANDSKAP:**

Ut frå namnet på denne lokaliteten, så har den nok ei brukshistorie som er mange hundre år gammal og den utgjer utan tvil ein viktig del av kulturlandskapet her. Heilt i nedkant av lokaliteten går gamlevegen som gjekk opp til Hatlestad i gamle dagar og lokaliteten utgjer ein viktig bestanddel i det verdfulle kulturmiljøet her.

**VERDIGRUNNGJEVING:**

Sjølv om drifta av lokaliteten ikkje har vore optimal på alle punkt, er det ikkje så mykje som manglar. Det er lite gjødsla og mesteparten av arealet har ein tilnærma slåttemarkstruktur. Det er registrert ein del kulturmarksengartar på lokaliteten. Ut frå dei obserasjonane som vart gjort i 2012, reknar vi med at det er godt potensial for funn av beitemarkssopp her, også raudlisteartar. Verdien blir sett til B – Viktig.

**SKJØTSELSPLAN**

DATO skjøtselsplan: 20.10.2013	UTFORMA AV: Øystein Folden og Solfrid Helene Lien Langmo			FIRMA: Bioreg AS
UTM 32N 6902445 408352	Gnr/bnr. 54/4	AREAL (noverande): 2,5 daa	AREAL etter evt.restaurering: -	Del av verneområde? Nei
Kontakt med grunneier/bruker (ev /informant). Før opp tidsperiodar, ev dataor. Namn: Grunneigarar: Ingvild Hansen Nystad og Martin Nystad		Type kontakt (befaring, tlf, e-post med meir) Intervju 05.07.2013. Feltarbeid 28.06.2012 og kontakt via e-post.		

**MÅL:****Hovudmål for lokaliteten:**

- Det langsiktige målet er at lokaliteten skal haldast i god hevd med årleg slått og fjerning av høy etter tørking på bakken eller eventuelt hesjing. B-verdien på lokaliteten skal oppretthaldast ved at populasjonar av ev raudlista artar (særskild beitemarksopp) og karakterartar av kulturmarksengplantar skal haldast på dagens nivå, eller aukast.
- Det er også eit mål at den typiske jamne slåttemarkstrukturen vert teke vare på eller helst vert forbetra.
- Slåttemarka skal liggja i eit ope landskap og kantsoner skal ikkje skuggast ut av skog og kratt.
- Slåttemarka skal ikkje gjødslast, pløyast eller sprøytast.
- Det skal ikkje nyttast tung traktorreiskap på lokaliteten. Til slått kan ein bruke tohjulsslåmaskin og/eller ljå.

**Delmål for lokaliteten:**

- Langvarig og intensivt vårbeite er ikkje å tilrå.
- Lokaliteten bør etterbeitast om hausten, men ikkje så sterkt at det blir mykje opptrakka. Ved ufullstendig beiting er det viktig å få slått kantane.
- Lauvskogen og nokre graner særleg på sørsida av lokaliteten bør tynnast noko og fjernast. Eventuell transport med traktor må skje på frose mark, eller utanfor lokaliteten.
- Formidling av den gamle jordbruksdrifta ved at skjøtsel inngår som ein del av eit reiselivstilbod.

**Tilstandsmål artar:**

- Artsmangfaldet i slåttemarka skal oppretthaldast eller utvidast jf. artslistene i vedlegg 1.
- Populasjonar av artane i lista over karakterartar skal oppretthaldast eller helst utvidast (Sjå artslista i vedlegg 1!)
- Populasjonar av eventuelle raudlisteartar av beitemarksopp eller frå andre artsgrupper som måtte dukka opp skal oppretthaldast eller helst utvidast.

**Mål for nedkjemping av problemartar/gjengroing:**


- Det kan med fordel tynnast noko aust for lokaliteten

**Tiltak:**

- Slått tidlegast 15.07 og helst innan 15.08. med tørk av gras minst 2 dagar og fjerning av avling. Gjerne etterbeiting utover hausten.
- Hogst av gran og tynning av lauvtre særleg på sørsida av lokaliteten. 2 velta epletre skal ryddast bort. Kvisten kan brennast på fast bålpllass utanfor lokaliteten viss slik brenning er tillate i kommunen (OBS! Sjekk lokale forskrifter).
- Nytt gjerde med noko ekstra høgde.
- Utbetring av tilkomstvegen, slik at det er råd å transportere høy opp frå teigen. Dette arbeidet må gjerast i samråd med fornminnemynde.
- For å bruke slåtten til formidling legg ein opp til hesjing, og då trengst det fornying av hesjestaur og tråd.
- Tiltak for å vera kvitt problemartar som sølvbunke og myrtistel. Sølvbunka fjernast lettast ved å slå laus tuvene med ei tung hakke om våren. Myrtistelen fjernast manuelt i lag med mest mogleg av rota.

AKTUELLE TILTAK:	Prioritering (år)	kostnad	Kontroll: (Dato) Haust
<b>Generelle tiltak:</b>  Årleg slått ikkje før 15.07., og helst innan 15.08., tørking av graset minst to dagar og fjerning av høyet <sup>3</sup>	Årleg	2,5 daa à kr 3000,- = 7500.-	
<b>Aktuelle restaureringstiltak, utover de generelle:</b>  Hogst av store gruner i søraustkanten <sup>4</sup> . Tynning av skog elles. Fjerning av tonedfalne epletre. Kvisten må også fjernast frå området (Sjekk lokale brannforskrifter om brenning utanfor lokaliteten er aktuelt)	2014	70 timer	
Utbetring av hestevegen opp frå stykket så det er råd å få henta avlinga.	2014	4 dagar med minigravar, 4 dagsverk manuelt arbeid	
Nytt gjerde 210 m med ekstra høgde på stolpane	2014	250 m a kr 110	
Innkjøp av hesjestaur og tråd	2014, 2015	2500 kr kvart av åra.	
Fjerning av problemartar som myrtistel og sølvbunke	2014, 2015.	To dagsverk kvart av åra	
<b>UTSTYRSBEHOV:</b> Tohjulsslåmaskin, ljå, høygaffel, rive, presenning			
<b>OPPFØLGING:</b> Skjøtselsplanen skal evalueres innen, 5 år:			
Behov for registrering av spesifikke artsgrupper: Beitemarksopp er ikkje undersøkt.			
Tilskot søkt år:	Søkt til:		
Tilskot tildelt år:	Tildelt frå:		
Skjøtselsavtale parter:			
<b>ANSVAR:</b> Person(-er) som har ansvar for iverksetting av skjøtselsplanen.			

## Ortofoto/kart



Figur 8. Dette ortofotoet frå Gislink viser avgrensinga av den aktuelle lokaliteten avmerka med gult. Ein ser også den avgrensa lokaliteten Instegjerda, kring husa i vest. Legg merke til kor bratt lokaliteten er. Dette kartet har ein ekvidistanse på 5 m.

<sup>3</sup> Brukarane meinar at denne lokaliteten er såpass bratt at det er tryggast å slå med ljå her, difor den høge taksten samanlikna med dei andre lokalitetane.

<sup>4</sup> All hogst av kantskog bør vera unnagjort før ein set opp nytt gjerde.

## Bilete



Figur 9. Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012. Biletet er tatt omtrent frå nordvesthjørnet av Prestkornrobbben. Lauvskogen langs sørkanten av lokaliteten synes godt på biletet.



Figur 10. Foto: Øystein Folden ©, 28.06.2012. Biletet er frå nordvesthjørnet av Prestkornrobbben. Det er i dette området ein trase som kan brukast til veg med noko utbetring.

## Kjelder

### Litteratur:

Direktoratet for naturforvaltning 2007. Kartlegging av naturtyper. Verdisetting av biologisk mangfold. Ny revidert utgave av DN-håndbok 1999-13 (under revisjon).

Folden, Ø. & Oldervik, F. G. 2013. Kort rapport om ni verdfulle slåttemarkslokalitetar i Norddal kommune i Møre og Romsdal. Bioreg AS rapport 2013 : 03. ISBN 978-82-8215-232-7.

Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.

Moen, A. 1998. Nasjonalatlas for Norge. Vegetasjon. Statens kartverk.

### Munnlege kjelder:

Ingvild Nystad Hansen, 6214 Norddal, Telefon: Tlf. 70 25 92 22/928 20 034

Martin Nystad, 6214 Norddal, Telefon Tlf: 400 59 962

### Internett:

Dato	Nettstad
03.10.13	Miljødirektoratet, Naturbase
03.10.13	Artsdatabanken, Raudlista, Artskart og NiN

## Vedlegg 1. Artslister

### Gjerda: Ystegjerda, nedom husa (gnr 54/6)

#### Av plantar vart det i 2013 påvist:

Karakterartar er uteha med feit skrift

Augnetrøyst ssp., bakkesoleie, **blåklokke**, **blåkoll**, engsyre, engreverumpe, **gulaks**, hundekjeks, kvitkløver, osp, raudkløver, skogburkne, skogstorkenebb, sløkje, **småengkall**, stormaure, sølvbunke og tviskjeggveronika,

### Gjerda: Ystegjerda, ovom husa (gnr 54/6)

#### Av plantar vart det i 2013 påvist:

Karakterartar er uteha med feit skrift

**Aurikkelsvæve**, bakkesoleie, engsyre, fjellmarikåpe, **gulaks**, jonsokkoll, maiblom, myrtistel, perlevintergrønn, **prestekrage**, raud jonsokblom, ryllik, **skogmarihand**, skogstjerne, skogstorkenebb, **småengkall**, stormaure, sølvbunke og tviskjeggveronika.

### Gjerda: Instegjerda, kring husa (gnr 54/4)

#### Av plantar vart det i 2013 påvist:

Karakterartar er uteha med feit skrift

Bakkesoleie, beitemarikåpe, **blåklokke**, blåkoll, engfrytle, engmarikåpe, engsyre, firkantperikum, fjellgulaks, fjellmarikåpe, fjelltimotei, geitsvingel, grasstjerneblom, **gulaks**, harerug, hundegras, hundekjeks, hårfrytle, **hårsvæve**, jonsokkoll, knereverumpe, kvitkløver, **prestekrage**, raud jonsokblom, raudkløver, ryllik, skogfiol, skogstorkenebb, sløke, **smalkjempe**, småengkall, snauveronika, sølvbunke, tepperot, **tiriltunge**, tviskjeggveronika, vårpengeurt, augnetrøyst ssp. og åkerminneblom.

### Gjerda: Instegjerda, Prestkornrobban (gnr 54/4)

#### Av plantar vart det i 2013 påvist:

Karakterartar er uteha med feit skrift

Bakkesoleie, **blåklokke**, brennesle, engsyre, eple, firkantperikum, grasstjerneblom, **gulaks**, hundekjeks, **karve**, kvitkløver, **lækjeveronika**, myrtistel, raud jonsokblom, raudkløver, revebjølle, ryllik, **sauesvingel**, snauveronika, stemorsblom, stormaure, sølvbunke, tepperot, tviskjeggveronika, vårpengeurt og åkerminneblom.

## Vedlegg 2. Definisjonar

---

Under er ei enkel forklaring på eit par omgrep brukta i skjøtselsplanane.

Karakterartar vil i desse skjøtselsplanane sei planteartar som karakteriserer kulturmarkseng og som førekjem i større eller mindre mengde på dei ulike lokalitetane. Tidlegare vart desse artane ofte kalla naturengplantar og/eller seterartar. I mangel på noko betre viser vi til følgjande rapport: John Bjarne Jordal og Geir Gaarder: Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Planter og sopp i naturbeitemarker og naturenger. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruks-avdelinga, rapport nr. 2 - 95. ISSN 0906-0363. ISBN 82-91585-01-6. Tabellen over kulturmarksengplantar (naturengplantar) hadde nok hatt behov for ein revisjon der artsutvalet vert gjort meir spesifikt for dei ulike utformingane av kulturmarkseng.

Ved å følgja denne linken kan ein lasta ned rapporten til Jordal & Gaarder frå 1995. Lista står på side 15 ff i rapporten; <http://www.jbjordal.no/publikasjoner/MR1994.pdf>.

Kulturmarksengartar: Engplantar med relativt låg toleranse for attgroing og gjødsling. Oftast er dei relativt lågvaksne og krev mykje ljós, difor vert dei ofte utskugga av meir høgvaksne og nitrofile artar, dvs. artar som trivst best på godt oppgjødsla mark. «Naturengplantane» er utsette i dagens kulturlandskap fordi områda dei trivst i stadig blir mindre vanlege (Jorddal og Gaarder, 1995).

## Veiledning til skjøtselsplanskjemaet, B- Spesiell del.

Skjema B- spesiell del er delt opp i tre hoveddeler: Søkbare egenskaper (for Naturbase), Områdebeskrivelse (for Naturbase og som grunnlag for skjøtselsplan) og Skjøtselsplan. For søkbare egenskaper er det viktig at de begrepene og kodene som er oppgitt brukes. Områdebeskrivelse og beskrivelse av skjøtsel skal være ren tekst som ikke blir søkbar. For mer utfyllende forklaringer, se DN-håndbok 13 2. utgave 2006  
<http://www.dirnat.no/content.ap?thisId=500031188&language=0>

### Søkbare egenskaper:

**Områdenavn:** Offisielle stedsnavn etter vedtatte rettskrivingsnormer, dvs. normalt navn fra kartblad i M711-serien. Ved bruk av navn fra økonomisk kartverk oppgis i tillegg nærmeste stedsnavn på M711-kart. Eventuelt med støttenavn i tillegg (d.v.s. lokale stedsnavn som ikke står på kart, eller områdenavn).

**Områdenr.:** Løpenummer. Nummeret skal være unikt (to geografisk atskilte områder kan ikke ha samme nummer) og vil i en fylkes-/nasjonal sammenstilling starte med kommunenummeret.

**IID i Naturbase** oppgis hvis området ligger i Naturbase fra før.

**Registrert av: (Inventør/kartlegger):** Angi alle som har vært med på å fremskaffe primærdata i felt.

**Tidligere registrert:** Angi årstall for ev. tidligere kartlegging av lokalitet. Få fram om lokaliteten har blitt undersøkt gjentatte ganger. Referanse til rapporter settes opp under Kilder mot slutten av dokumentet

**Naturtype:** Etter DN-håndbok 13 om naturtypekart-legging. **Utforming(er):** Etter DN-håndbok 13. usikkerhet m.m. utdypes i områdebeskrivelsen. **Mosaikk:** En lokalitet kan inneholde en småskala mosaikk som det er vanskelig å avgrense, og der avgrensingen har liten praktisk betydning for planlegging og forvaltning.

Lokaliteten plasseres da i den naturtypen det er mest av, eller den som er viktigst. Andre naturtyper eller utforminger som forekommer på lokaliteten registreres som mosaikk (tilleggsnaturtyper/-utforminger, helst med prosentandeler).

**Verdi:** A, B, C. Usikkerhet og gradering angis i områdebeskrivelsen.

**Stedkvalitet:** Avgrensingens nøyaktighet beskrives i 5 kategorier. Sett kryss.

**Påvirkningsfaktorer (tekniske inngrep m.m.):** Etter liste i vedlegg 11 i DN-håndbok 13.

**Tilstand (hevd):** For kulturbetingte lokaliteter oppgis tilstanden etter 5-gradert skala. Sett kryss. Under tilstand i områdebeskrivelsen nedenfor ønskes en mer utfyllende beskrivelse.

**Bruk:** For kulturbetingte lokaliteter oppgis nåværende bruk. Sett kryss. I områdebeskrivelsen nedenfor ønskes en mer utfyllende tekst om tidligere og nåværende skjøtsel.

### Områdebeskrivelse

**Områdebeskrivelse:** Skal være forvaltningsrettet, tilpasset brukeren og må være tilstrekkelig til å kunne begrunne valg av naturtype, verdi og skjøtsels- og restaureringstiltak som skal ivareta lokaliteten.

**Innledning:** Opplysninger om kartleggingen/ skjøtselsplanarbeidet. I hvilken sammenheng kartleggingen er gjort, hva som er gjort tidligere, om den nye beskrivelsen supplerer eller erstatter tidligere beskrivelser og lignende.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Geografisk beliggenhet og supplerende opplysninger til kartet, evt. buffersone beskrives. Hvor nøyaktig er avgrensningen? Sistnevnte kan variere, både som følge av kartleggingsmetodikk og naturgitte årsaker, og det bør skilles mellom disse to faktorene. Viktige topografiske og geologiske forhold.

Viktige naturgitte faktorer som påvirker økosystemets stabilitet (skogbrann, flom, nedbør/luftfuktighet, vind).

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Supplerende opplysninger om naturtyper, utforminger og mosaikk oppgis her, samt supplerende opplysninger om truete vegetasjonstyper og evt. andre viktige vegetasjonstyper. Hvis naturtyper/vegetasjonstyper som ikke er prioriterte er inkludert, skal dette nevnes og begrunnes (f.eks. av arronderingsmessige årsaker).

**Artsmangfold:** Typiske/karakteristiske/dominerende arter. I hagmark/lauveng bør ulike treslag angis, samt deres mengdefordeling. I tillegg kan arter som supplerer eller spesifiserer ytterligere i forhold til naturtype-/vegetasjonstypespesifikasjonen nevnes. Alle sjeldne, kravfulle og rødlistede arter skal listes opp med antall/mengde for artene, samt funnhistorikk.

**Bruk, tilstand, påvirkning:** Utfyllende opplysninger om tilstand, inngrep, andre påvirkningsfaktorer, historikk og bruk. **Bruk:** Nåværende og tidligere bruk skal beskrives. For tidligere bruk menes tradisjonell drift, (helst tilbake til før krigen). Kontinuitet i bruk/ikke bruk: Angi perioder (årstall) med ev. opphør av drift. Perioder (årstall) med ev. intensivering av drift, eks: flere slåtter pr år, økt gjødsling (type og mengde gjødsel med mer). For **tilstand** angi her eventuell avvikende skjøtsel: Slått men graset ligger igjen, slått ved plenklipping, bare beiting osv. For slåttemyr er grøfting og slått viktig. For kystlynghei er brenning og beiting viktig. Noter type gjengroingsarter og grad av gjengroing. Avgrens gjerne på ortofoto arealer med preg av forfall. NB: (Dette blir supplerende opplysninger til rubrikken *hevd* ovenfor) Påvirkningsfaktorer kan i tillegg registreres som søkbar egenskap for alle naturtyper. For kulturlandskap kan bruk registreres som søkbar egenskap.

**Fremmede arter:** Forekomst og tiltak. (hvor de vokser avmerkes på ortofoto/kart).

**Kulturminner:** Forekomst av spesielle kulturminner i lokaliteten, eks bakkemurer, steingjerde, stakksneis osv.

- **Skjøtsel og hensyn:** Skjøtsel er aktive tiltak for å fremme naturverdiene. Hensyn er passive tiltak for å unngå skadelige aktiviteter for lokaliteten, eller visse former for bruk/inngrep som ikke vesentlig påvirker de naturverdiene som skal ivaretas. Konkrete forslag og behov for å ta spesielle hensyn utenfor lokaliteten bør det nevnes her. Det gis her en kortere oppsummering av det som skrives i skjøtselsplanen om mål for skjøtsel, tilstand, skjøtselstiltak, tidsplan m.m.
- **Del av helhetlig landskap:** Sammenheng med andre områder innenfor et større areal. Det vil ofte være aktuelt å vise til nærmere beskrivelse i dokument eller kilde på faktaarket.
- **Verdibegrunnelse (Obligatorisk):** A, B eller C. Angi kort hvilke faktorer som i størst grad bidrar til verdien som er satt. Eventuell usikkerhet i forhold til verdien bør nevnes. Eventuelle utviklingstrekk som støtter verdivalget, nevnes. Om lokaliteten har endret verdisetting siden forrige registrering bør dette begrunnes her. Restaureringspotensialet til lokaliteten bør inn i verdivurderingen, om (deler av) enga er i forfall.
- **Merknad:** Her kan det legges inn uthetet kommentar om at lokaliteten må oppsøkes på nytt, at avgrensingen er for unøyaktig m.m..

## Skjøtselsplan

**Dato skjøtselsplan:** Dato for ferdigstilt skjøtselsplan.

**Utført av:** Navn på ressursperson som har skrevet planen ev hvem som har veiledet skjøtselsplanarbeidet.

**UTM:** Sett inn koordinater for midtpunkt i polygonet, **Gnr/bnr:** Oppgi alle gårds og bruksnummer innen lokaliteten som skjøtselsplanen gjelder for. (Kan bli mange for store lokaliteter som kystlynghei. Her kan dere få hjelp av kommunen).

**Areal (nåværende og etter evt. restaurering):** Oppgi areal på lokaliteten ved registrering, om aktuelt angis også areal etter at restaureringstiltak er gjennomført dersom dette vil endre på arealstørrelsen.

**Del av verneområde:** Det skal noteres om området ligger helt eller delvis innenfor et verneområde.

**Kontakt med grunneier/bruker:** Det er meget viktig å holde god dialog med grunneier/ev. bruker under hele skjøtselsplanprosessen, slik at skjøtselsplanen blir konkret og tilpasset grunneierens behov, kapasitet og drift. Det skal dokumenteres at skjøtselsplanskriver har hatt denne dialogen, og med hvem dialogen er ført.

**Mål:** Deles opp i hovedmål, delmål, ev. mål for delområder, samt tilstandsmål for enkelte arter. Rødlistearter, karakterarter, totalt antall arter. Konkretiseres med % økning innen et tidsrom, eks innen 10 år. Er lokaliteten i god hevd vil det være et mål i seg selv å beholde dagens artsinventar og fordeling. Om området ligger innefor et verneområde og har konkrete bevaringsmål som vil påvirke skjøtselen så skal dette beskrives her.

**Aktuelle tiltak:** Deles opp i: *Generelle tiltak* (med henvisning til A: generell del i skjøtselsplanen), *Aktuelle restaureringstiltak, utover de generelle* dvs restaureringstiltak som er nødvendig for konkret denne lokaliteten og som ikke er beskrevet i den generelle delen. Det kan være behov for brenning, ringbarking, tidspunkt for tiltak, midlertidig plassering av kvisthauger, bekjemping av problemarter, eller spesielle *hensyn* knyttet til kulturminner, styvingstrær, hi/reir, fuktområder, adkomst til lokalitet, utkjøring av tømmer/ved, eiendomsstruktur osv.

Til sist; *Aktuelle årlige skjøtselstiltak, utover de generelle*. Eks spesifikke lokale slåttetidspunkt, behandling av høyet, bortkjøring, slått hvert år eller sjeldnere, ev før- og etterbeite, hva slags dyr, antall beitedyr, ev. tidspериодer for beiting. Lauving/styving; tidspunkt, behandling av kvister osv.

**Utsyrsbehov:** Spesielle behov for utstyr til skjøtsel/restaurering.

**Oppfølging:** Det bør angis årstall for evaluering av tiltakene igangsatt etter skjøtselsplanen. Om det er aktuelt med supplerende registrering av spesifikke artsgrupper så nevnes dette her.

**Tilskudd/skjøtselsavtale:** Gi opplysninger om det er søkt midler RMP, SMIL ev andre miljømidler, samt opplys om det foreligger skjøtselsavtale og hvor lenge den gjelder.

**Ansvar:** Navn på person(-er) som har ansvar for iverksettelse av skjøtselsplanen, eks grunneier/bruker for gjennomføring av tiltak, samt person i forvaltningen for oppfølging av skjøtselsavtaler med mer.